



Norddal kommune

6210 VALLDAL

Vedtekter for Ungdomsråd

I

Målsettinga for Ungdomsrådet (UR) i Norddal kommune er å engasjere ungdomen i praktisk politisk arbeid.

II

Ungdomsrådet skal ha minst 8 representantar og skal vere sett saman av 1 representant frå kvar ungdomsskuleklasse, samt to personar mellom 16- 18 år. Mellom desse vert leiar og nestleiar valde. Medlemmane vert valde for to år om gongen.

III

Dei som vert valt skal representere best mogleg dei unge i kommunen.

IV

Møte i UR skal haldast minst fire gongar i året.

V

Leiar/eller eit fleirtal i UR avgjer kva saker som skal handsamast.. Særleg er det ei oppfordring til medlemmane i UR, Norddal kommunestyre, rådmannen og sektorsjefar å kome med forslag.

Ordførar i UR og rådmann avgjer kva saker som skal handsamast.

Ordførar og rådmann i Norddal kommune skal stå til teneste med å gje råd ved val av saker som kan vere aktuelle å handsame.

VI

UR sin kontaktperson i administrasjonen er rådmannen eller den han gjev mynde.

Rådmannen har ansvar for å greie ut sakene til handsaming, skrive protokollar og oppfølging av vedtaka.

VII

Norddal kommunestyre set av midlar til drifta av UR, som UR må halde seg innanfor. Norddal kommune bevilgar midlar til oppgåver som det er naturleg at UR disponerer over. Midlane skal gå til tiltak som UR meiner er av interesse for Norddal kommune.

VIII

Norddal kommune har ansvar for at UR får opplæring og tilstrekkeleg fagleg hjelp i arbeidet.

VIII

Rådmann og ordførar i kommunen har forslags- og talerett i UR.